



Kunnskapsdepartementet - Universitets- og
høyskoleavdelingen
Postboks 8119 Dep
0032 OSLO

Seksjon for opptak

Vår referanse
14/00186-20
Deres referanse

Vår dato
13.11.2017
Deres dato

Høyringsvar til forslag om endringer i opptaksforskrifta

Viser til høyringsbrev av 14. august 2017 og tilleggsbrev av 2.10.2017, med forslag til endringer i kapittel 2, 3, 4, 5 og 7 i Forskrift om opptak til høgre utdanning. NHH har merknadar til følgande punkt: §2-3, §4-5 og §7-10.

Kapittel 2. Generell studiekompetanse

NHH har ingen merknadar til endringsforslaget for §2-4.

§2-3 Opptak på grunnlag av fullført høgre utdanning

NHH støttar ikkje endringsforslaget.

Handtering av feilaktige vedtak har heimel i Forvaltningslova §35. Den gir anledning til å trekkje tilbake eit feilaktig vedtak, men ikkje ei plikt, og det kan lærestaden vurdere ut i frå den einskilde saka. Ved å endre forskrifta slik at eit feilaktig vedtak og 60 studiepoeng automatisk utløyser rett til GSK, fryktar NHH at vi blir avskorne frå mogelegheita til å trekkje tilbake feilaktige vedtak med heimel i §35.

Endringsforslaget presiserer ikkje nærmare kva slags «feil» det kan vere snakk om. Dersom det vert vedtatt ei slik regelendring, er det heilt nødvendig å utgreie nærmare kva som ligg i omgrepet «feil», kva slags feil som kan utløyse rett til GSK, og om det er typar av feil som ikkje bør eller skal vere omfatta.

NHH meiner det er prinsipielt problematisk å opne opp for at ein feil skal utløyse ein rett til GSK, og ønsker å behalde mogelegheita til å nytte Forvaltningslova §35 i slike saker.

Kapittel 3. Unntak frå krav om generell studiekompetanse

NHH har ingen merknadar.

Kapittel 4. Spesielle opptakskrav

NHH har ingen merknadar til endringsforslaga for §4-4, §4-8, §4-9 eller §4-10.

§4-5 Spesielle opptakskrav til enkelte økonomiske og administrative fag

NHH er positive til at UiB får mulighet til ei forsøksordning med minimumskarakter i matematikk og vil gjerne følge med på erfaringane frå forsøket.

Kapittel 5. Opptak på visse vilkår

NHH har ingen merknadar.

Kapittel 7. Rangering av søkarar ved opptak

NHH har ingen merknadar til endringsforslaga for §7-5, §7-6, §7-9 eller §7-11

§7-10 Tilleggs poeng for alder

NHH støttar ikkje endringsforslaget.

I eit tillegg til høyringsforslaget ber Kunnskapsdepartementet høyringsinstansane om å ta stilling til ei endring i §7-10 *Tilleggs poeng for alder*, slik at søkjarar får tilleggs poeng frå året etter at dei er ferdig med vidaregåande opplæring, og ikkje frå det året dei fyller 20 år.

Slik det fungerer i dag, når fødselsåret er grunnlaget for tildelinga av alderspoeng, er det enkelt å tildele alderspoenga automatisk. Prosessen for dette er heildigital og skjer hos CERES. Den noverande måten alderspoeng reknast på er intuitiv å forstå for søkjarane, og sikrar ei likebehandling ved at alle får tilsvarende mengd poeng etter eit objektivt kriterium (alder).

Dersom vi endrar alderspoeng til å bli ein form for vitnemålsalderspoeng som vert tildelt basert på når søkjarane avslutta vidaregåande opplæring *eller* når dei oppnår ein viss alder, vil det bli naudsynt å gjere tidkrevjande og kostbar manuell sakshandsaming for å tildele poenga.

Vi risikerer med andre ord å miste dei siste åras vinstar frå digitalisering.

For å vinne tilbake noko av digitaliseringsvinsten, blir vi heilt avhengige av at CERES får i stand ei teknisk løysing for automatisk poengberekning. Det kan uansett vere tilfelle der søkjarar med elektroniske vitnemål har annan dokumentasjon på dette, som må vurderast manuelt. Den største jobben er knytt til manuell undersøking av dei søkjarane som ikkje har elektronisk vitnemål (evm). I dag treng vi ikkje undersøke dette, fordi fødselsåret deira ligg inne i sakshandsamingssystemet. Ifølge tal frå CERES var det i 2017-opptaket 91215 kvalifiserte søkjarar med evm og 5329 kvalifiserte søkjarar utan evm.

Gruppa utan evm inkluderer søkjarar med eldre dokumentasjon og søkjarar med utanlandske vitnemål. Når det gjeld dei utanlandske, kan det vere spesielt tidkrevjande å finne korrekt år for avslutta vidaregåande opplæring. Gruppa inkluderer også personar frå land der utdanningsløpet er annleis enn det norske og der normert tid tilseier at dei er ferdige det året dei fyller 18. For denne siste gruppa vil regelendringa ikkje korrigerer ein opplevd ujamnskap, men løne dei med vitnemål frå eit

anna utdanningssystem, og NHH stiller seg undrande til om dette fell inn under intensjonen med forslaget.

Det ekstra manuelle arbeidet og det at digitaliseringa vert sett i spel, er alvorlege omkostningar. Desse omkostningane må vegast opp mot ei eventuell vinst. CERES har gjort eit simulert opptak for å estimere kor mange søkjarar innføring av regelendringa ville hatt konsekvensar for, dersom regelen var gjeldande i 2017. Simuleringa viser at det var svært få 18-åringar som ville hatt fordel av innføring av den regelen, berre 1% (2 av 229 totalt). Bildet er også meir nyansert enn at nokre få vil få eit betre utfall. Det er også ei gruppe som ville miste tilbodet eller få tilbod på lågare prioritet. Det er uansett ei lita mengd søkjarar endringa får følgjer for.

Ettersom endringa vil føre til meir tidkrevjande og kostbar manuell sakshandsaming av ei stor mengd søkjarar, medan talet på søkjarar det vil ha betyding for ser ut til å vere marginalt, meiner NHH at ei slik endring ikkje kan forsvarast.

I tillegg til kost-nytte-argumentet, er det argument som talar imot at det i det heile er eit reelt behov for å kompensere den aktuelle gruppa med alderspoeng. Dei som vert ferdig med vidaregåande opplæring eit år før dei fleste andre, har allereie nokre føremon:

- Søkjarar som er eit år yngre enn sine klassekameratar, kan konkurrere i førstegongsvitnemålsvota eit år lenger enn dei andre.
- Dei som vel å søkje seg rett inn på høgare utdanning etter vidaregåande, konkurrerer på heilt lik linje med sine klassekameratar, i førstegongsvitnemålsvota.
- Dei som vel å ikkje begynne rett på høgare utdanning kan tene opp andre formar for poeng eller forbetre fag, som dei kan nyttiggjere seg i opptak i åra etter, og slik få eit forsprang på andre frå same årskull.

Det kan til sist vere verdt å tenkje gjennom kva slags påverking ei slik endring kan ha på dei vala elevane tar og for dei vidaregåande skulane. I andre samanhengar, som for eksempel for realfag, nyttas tilleggspoeng nettopp for å påverke dei vala elevane tar i den vidaregåande skulen. Det må derfor tas høgde for at ei tidligare utdeling av alderspoeng også kan få ei slik effekt. Det kan bli sett på som ein ekstra føremon å få avslutta og utstedt vitnemål eit år før dei jamnaldrande.

NHH sin konklusjon er at det ikkje er tilrådeleg å gjere den skisserte endringa i tildeling av alderspoeng.

Med vennlig hilsen

Heidi Sund
Kontorsjef

Sunniva Sandø
Seniorkonsulent

Kopi til: Studieadministrativ avdeling v/Jorun Gunnerud, Rektoratet v/Linda Nøstbakken
Dokumentet er godkjent og ekspedert elektronisk uten signatur